

KÅRE PAULSEN  
KLOKKARJORDET 3  
3576 HOL

---

Dato	22.03.2024
Vår referanse	2023/68377-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Guri Finne Sognnæs
E-post	Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no
Telefon	91576451

## Løyve til utvida bruk av avkøyrsl - fv. 500 til eiendommen gnr. 66 bnr. 1 - Kvinnherad kommune

Vi viser til søknad av 29.02.2024 om endra og utvida bruk av avkøyrsl.

### Saka gjeld

Det vert søkt om endra og utvida bruk av eksisterande avkøyrsl i samband med etablering av Svoldal kraftverk. I dag er den tilkomst til to eksisterande fritidsbustader. Utvida bruk vil vera ca. eit månadleg tilsyn av anlegget. I anleggsfasen vil trafikkauken vera større.

### Vedtak

Med heimel i veglova § 40 og § 43 gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsl frå fylkesveg 500 til eigedomen gnr. 66 bnr. 1 i Kvinnherad kommune.

Du kan ikkje ta i bruk avkøyrsla til omsøkt tiltak før vilkåra i dette vedtaket er oppfylt og avkøyrsla er godkjent av Vestland fylkeskommune.

For å få vedtaket som gir løyve til å bruke avkøyrsla til omsøkt tiltak, så skal det vedlagde skjemaet Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl underskrivast og sendast i retur til Vestland fylkeskommune når avkøyrsla er ferdig bygd eller utbeta. Vi vurderer om vilkåra for å gje løyve til bruk av avkøyrsla er oppfylt. Et slikt vedtak er nødvendig dokumentasjon for å vise at krav om tilkomst i plan- og bygningslova § 27-4 er oppfylt.

### Vilkår for løyvet

- Løyvet gjeld utvida bruk i anleggsfasen ved etablering av Svoldal kraftverk, og ved tilsyn i driftsfasen av anlegget.
- Avkøyrsla skal vere plassert i samsvar med situasjonsplan, motteke 29.02.2024.
- Avkøyrsla skal utformast i tråd med vedlagd prinsippskisse «Krav til utforming av avkøyrsl». Krava er mellom anna:
  - Siktkravet er at det skal vere 115 m fri sikt i begge retningar frå eit augepunkt 4 meter inn i avkøyrsla. Det kan ikkje vere sikthinder i siktsona høgare enn 0,5 meter frå nivået på vegbana. Vegetasjon i innerkurva i retning Austrepollen må fjernast.
  - Svingradius skal vere 9 m. Svingradius skal avgrensast mot sideterrenget med betongkant, grøft eller annan avvisande kant. Avkøyrsla skal rettast opp slik at den kjem meir rettvikla på køyrevegen.
  - Avkøyrsla skal ha fall på 5 cm dei to første metrane frå fylkesveg og inn på tilkomstvegen, slik at ikkje overvatn renn ut i fylkesvegen.
- Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje er nødvendig å manøvrere og rygge på offentleg veg.

5. Dersom avkøyrsla går over ei veggøft, må det leggjast eit røyr som skal leide vatnet under avkøyrsla. Røyret må vera tilstrekkeleg langt og eigna for inspeksjon. Det må leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslar* som følgjer vedlagt
6. Dette vedtaket gjeld berre tilknytingspunktet til offentleg veg, fylkesveg. Søkar må sjølv avklare dei private eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som eventuelt trengs for bruk og utbetring av avkøyrsla, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Manøvrering og rygging av køyretøy må skje utanfor fv. 500 og inne på eigedomen.
8. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at vedtaket er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

Løyvet er gitt i samsvar med forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet (16.7.1964) og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet (26.2.1982).

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla krev arbeidsvarsling og graveløyve. For meir informasjon om dette, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### **Bakgrunnen for vedtaket**

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå. Desse omsyna er ivareteke når vilkåra vert følgt opp.

I anleggsfasen vil det likevel vera meir auke i trafikk og kryssing av fylkesvegen mellom dei to avkøyrslene. Då er det viktig å ha på plass arbeidsvarsling og graveløyve.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen dersom førsteinstansen vel å ikkje omgjere vedtaket.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

**Eva Sundal for**  
**Ann Kristin Nes**  
leiar  
INV - Vegforvaltning Vestland

**Guri Finne Sognnæs**  
Overingeniør  
INV - Vegforvaltning Vestland

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### **Vedlegg**

**1      Krav til utforming av avkøyrslar**

**2 Melding+om+opparbeidd+avkøyrse**

Kopi til:

KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL